



Ove Eidsvåg frå Valen tok den største fisken i fjor på 8,3 kilo men det var ikkje den han står med her

Om vel 2 veker startar fiskesesongen i Uskedalselva og det vert spennande å sjå om utbyttet vert like moderat som i fjor eller om det vil auka. Fangsten stoppa i 2014 på berre 83,8 kilo medan rekorden frå 2011 var 1400 kilo og det vart fanga 331 kilo i 2013. Den drastiske reduksjonen skjedde på grunn av strengare reglar og lita vassføring i lengre periodar.

Frode Stensletten i styret presiserar at all kommunikasjon heretter skal skje via nettet. og det som fyrst skal skje er registrering på nettsida til Uskedal grunn- og elveeigarlag ved at ein sender ein e-post. All fangst skal også rapporterast til nettsida, enten via pc eller sms. Fangst skal rapporterast før det vert løyst nytt kort. Dei som ikkje har tilgang til pc eller mobil kan ta kontakt med oppsynet eller styret.

Døgnavota på 1 fisk på land og sesongkvota på 5 fiskar på land per fiskar er 2 av dei strenge reglane, at styret ved lita sommarelv over tid kan stoppa kortsalet er ein tredje streng regel.

Hvis ein har landa ein fisk, skal ein straks slutta fisket. Ein stad er det forbode å fiske, det er ved innløpet til Gravehølen. Prov på betalt fiske skal sjølvsgast bringast med og visast fram på oppmoding.

Når det gjeld sjølve fisinga er det ei lang liste med reglar som laget vonar fiskarane tek omsyn til. Det gjeld til dømes at det berre kan fiskast med stång og lovleg agn er naturleg mark, sluk, spinnar, wobblar eller floge. Utstyr som er nytta i andre vassdrag skal desinfiserast.

Det er forbode å rykkje fisken og alt fiske skal gå føre seg bevegeleg nedstrøms for å sleppe til nye fiskarar. Ein skal alltid starta ovanfor eksisterande fiskarar. Skjellprøvar skal takast og leggjast i postboksen ved brua.

Og så må ein sjølvsgast ikkje gløyma å oppføra seg slik ein alltid skal gjera i utmark: Lokk alltid grunder, ta med søppel, gå ikkje over dyrka mark og parker på oppmerka plassar.

Det kan sikkert verta ein triveleg fiskesesong sjølv om fangstane kanskje ikkje vert så store!

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen

Foto: Privat